Volda kommune

# Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø

## Oppstart av planarbeid

Fellesnemnd for nye Volda 7. februar 2019

Planleggar Berit Sandvik Skeide





Alle anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som det vert søkt om spelemidlar til, **må** vere innarbeidd i ein kommunal plan.

Det er ingen formelle krav til utforming av planen, men prosessen og planen skal følgje plan- og bygningslova sine bestemmelsar.

Kommunedelplanen skal innehalde ein ***tekstdel*** og eit ***handlingsprogram.***

Tekstdelen vert rullert kvart fjerde år.
Handlingsprogrammet vert rullert årleg.




# Planstatus

**Hornindal**

Har k-delplan for 2015-2018

5 vedlegg

Handlingsprogrammet har vorte rullert årleg

Godkjent handlingsplan for 2019




# Planstatus

<u>Volda</u>

Har k-delplan for 2014-2018

2 vedlegg

Handlingsprogrammet har vorte rullert årleg

Godkjent handlingsplan for 2019




## Planprogram

For alle kommuneplanar skal det utarbeidast eit ***planprogram*** som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, alternativ og behovet for utgreiingar.

Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggjast ut til offentlig ettersyn samstundes med varsling av planoppstart.




## Formål

Mål for arbeidet er å gjennomføre hovudrullering av kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

Kommunen sin visjon, mål og strategiar for idretts- og friluftspolitikken skal gå tydeleg fram i kommunedelplanen.

Planen skal gi grunnlag for å søkje om spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg til friluftsføremål.




## Organisering

Planleggar har rolla som prosjektleiar. Det vil bli sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe med folk frå plan, kultur, oppvekst, helse, teknisk og folkehelsekoordinator.

Talspersonar frå ulike ressursgrupper vil bli involvert i prosessen (Idrettsråd, Barnerepresentant, Ungdomsråd, Eldreråd mfl.). Fellesnemnda er styringsgruppe.




# Framdriftsplan

| Tidspunkt | Aktivitet |
|---|---|
| Februar 2019 | Oppstart av planarbeid |
| Februar – mars 2019 | Utarbeiding av forslag til planprogram |
| April – mai 2019 | Offentleg ettersyn og høyring av planprogram. Informasjonsmøte – lag og organisasjonar |
| Mai 2019 | Fastsetjing av planprogram |
| Juni – juli – august 2019 | Utarbeiding av planforslag |
| September 2019 | Handsaming av forslag og utlegging til offentleg ettersyn |
| September – oktober | Offentleg ettersyn |
| Oktober – november | Gjennomgang og vurdering av merknader |
| Desember 2019 | Godkjenning av plan og handlingsprogram |



## Medverknad

Det vil bli lagt til rette for brei med-verknad, slik at lag og organisasjonar, enkeltpersonar og andre interesse-grupper kan kome med innspel til planarbeidet.

Oppstart – informasjonsmøte
Utarbeiding – prosjektgruppe og ressursgruppe
Høyring – informasjonsmøte

**www.volda.kommune.no**



# Planen sitt innhald

- Gjennomgang av gjeldande plan
- Gjennomgang av status for eksisterande anlegg i samarbeid med anleggseigar. Behov for rehabilitering?
- Vurdering av kortsiktige og langsiktige behov for anlegg og aktivitet
- Oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Handlingsprogram
- Kart som viser lokalisering av anlegg/tiltak



# Fokus

Særskilt fokus på mangfald, friluftsliv og anlegg som skaper sosiale møteplassar for inkludering og integrering.

Viktig å få med dei uorganiserte.

## Tilråding

- Fellesnemnda for nye Volda vedtek å starte arbeidet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for 2020-2024, jf. § 11-1 i plan- og bygningslova.

- Fellesnemnda ber om at det vert utarbeidd framlegg til planprogram, som skal sendast ut på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13.

# Planprosess

